

Forskrift om vatn- og avløpsgebyr, Sula kommune

Heimel: Fastsatt av Sula kommunestyre dato med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 5 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) kap. 16 § 16-1 andre ledd.

Kapittel 1. Generelle vedtak

Kommunen sine abonnentar betalar gebyr for vatn- og avløpstenester levert av kommunen. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av statlege lover og forskrifter samt av kommunale forskrifter og abonnementsvilkår. Viktige dokument er lista opp under:

1. Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg.
2. Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kap. 16
3. Plan- og bygningsloven 27. juni 2008 nr. 71.
4. Forskrift om vatn- og avløpsgebyr, Sula kommune (dette dokumentet)
5. Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, Administrative bestemmelser, utgitt av Kommuneforlaget, oppdatert 2017. (Vedtatt av Sula kommunestyre 23.09.2010)
6. Andre dokument og kjelder:
 - VA-norm for Sula kommune
 - Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, Tekniske bestemmelser, utgitt av Kommuneforlaget i 2017
 - Matrikkelen.

§ 1.Føremål

Forskrifta gir reglar om berekning og innbetaling av dei gebyr abonnenten skal betale for vatn- og avløpstenester levert av kommunen.

§ 2.Verkeområde

Forskrifta gjeld alle abonnentane i kommunen.

§ 3.Definisjonar

- a) *Abonnement*

Avtale mellom abonnent og kommune om vassforsynings- og/eller avløpstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar og private vass- og avløpsanlegg til kommunen sitt vass- og avløpsanlegg. Det er ikkje eit vilkår at avtalen er skriftlig. Avtale om tilknytning via privat fellesleidning vert rekna som eit abonnement

b) Abonnent

- Eigar/festar av eigedom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer og eventuelt festenummer/seksjonsnummer, som er tilkopla kommunal vatn- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles privat stikkleidning.
- Festar av eigedom der festeavtalen ikkje er tinglyst, men der festaren eig dei bygningane som er plassert på tomta, og bruker festerett slik det går fram av lov om tomtefeste, og er tilknytt kommunal vass- og eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning.
- Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av Kap. 27 i plan- og bygningslova har kravd tilknytt kommunal vass- og avløpsleidning.

c) Berekna forbruk

Forbruk av vatn og avløp hos abonnent som er regna ut basert på bruksareal (BRA).

d) Bruksareal

Bruksareal (BRA) er i denne samanheng areal innanfor bygninga sine omsluttande veggar. Ved berekning av bruksareal gjerast ikkje fråtrekk for areal til større piper og kanalar som angitt i NS 3940.

e) Eining

Med eining i denne forskrifta er meint bueining, fritidseining, næringseining eller andre einingar.

Bueining er husvære med separat inngang, eit eller fleire opphaldsrom og i tillegg eige bad/WC og kjøkkendel. Definisjonen på bueining følger registreringsinstruksen i matrikkelen. Bustadar med ei utleieeining vert regna som ei bueining.

Fritidseining blir rekna for ein kvar fritidsbustad med minst eitt rom og eigen inngang og der det er tilgang til vatn og toalett utan å måtte gå gjennom ei anna bueining/fritidseining/næringseining. Det blir elles synt til registreringsinstruksen i matrikkelen.

Næringseining (anna enn bustad) er sjølvstendige lokale nytta til næringsverksemd eller offentleg verksemd. Landbruk kjem inn under næringsverksemd.

Andre einingar er einingar som ikkje er bueining eller næringseining, t.d. båthamner, naust (eit naust kan ha fleire einingar), m.m.

f) Eingongsgebyr for tilkopling

Eingongsgebyr for tilkopling til det kommunale vatn- og/eller avløpsnett.

g) Fastgebyr

Fast gebyr til dekning av kommunen sine kostnader knytt til vatn- og avløpstenester.

h) Forbruksgebyr

Gebyr til dekning av kommunens kostnader knytt til vatn- og avløpsstenester, basert på målt eller berekna vassforbruk.

i) Gebyrregulativ

Dette er den gjeldande prisoversikten for vass og avløpsgebyr i kommunen. Satsane blir kvart år oppdaterte gjennom vedtak i kommunestyret.

j) Kombinasjonsbygg

Bygg med både bueiningar (bustader) og næringsseiningar (næringsverksemd) eventuelt også fritidseiningar og andre einingar.

k) Kommunal vass- og avløpsleidning

Leidningar som er kommunal eigedom ved at dei er kosta eller overteke av kommunen.

l) Matrikkel

Offentlig register over fast eigedom, her under bygningar, bustader/bueiningar og adresser.

m) Privat stikkleidning

Vass- eller avløpsleidning for ein eller fleire eigedommar som er abonnenten sin eigedom, og som blir halde ved like av denne. Dersom ikkje anna er avtalt, er stikkleidningen rekna til og med anbering for vatn og grein for avløp.

n) Stipulert forbruk (for abonnent med vassmålar)

Gjennomsnittlig berekning av forbruket, bassert på tidlegare målt forbruk.

o) Tidsavgrensa tilkopling

Bygg, eigedom eller verksemd som er tilkopla vatn og/eller avløp for ei bestemt tidsavgrensa periode.

p) Tilkoplingspunkt

Punkt for tilkopling til kommunal eller privat leidning.

q) Årsgebyr

Summen av fastgebyr og forbruksgebyr for eit år.

Kapittel 2. Vatn- og avløpsgebyr

§ 4. Gebyr

Følgjande gebyr gjeld for vatn- og avløpsstenester

- Eingongsgebyr for tilkopling
- Årsgebyr (fastgebyr og forbruksgebyr)

- Tilleggsgebyr for meirarbeid ved innhenting av manglande målaravlesing etter purring. Gebyrsatsane vert fastsett årlig av kommunestyret i eige gebyrregulativ og kan ikkje påklagast.

§ 5. Eingongsgebyr for tilkopling

Eingongsgebyr for tilkopling skal betalast i desse tilfella:

-Nybygg

-Tilleggsgebyr vert kravd for tilbygg eller påbygg:

-når auka i areal fører til auke i einingar

- Eksisterande bygg som vert knytt til eller som kommunen krev knytt til.

- Eksisterande bygg med tilkopling som ikkje er godkjent

- Anna permanent tilkopling til kommunalt vass- eller avløpsanlegg, t.d. vatningsanlegg, idrettsanlegg m.m.

Eingongsgebyr for tilkopling skal ikkje betalast i desse tilfella:

-Bygg med midlertidig tilkopling (t.d. brakkerigg) med tilkoplingstid under 2 år.

-Særskilt tilkopling av sprinklaranlegg med eigen anboring.

Eingongsgebyr for tilkopling skal betalast pr. eining slik dette er definert i § 3 punkt e. Ein auke i talet på einingar medfører tilsvarande auke i talet på eingongsgebyr for tilkopling.

Storleiken på gebyret går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

Kommunen kan fastsette ulike satsar for eingongsgebyr for tilkopling for ulike typar einingar.

Ved kombinasjonsbygg næring/bueining betalast eit eingongsgebyr for tilkopling pr. bueining og eit for næring.

§ 6.Årsgebyr

Årsgebyret betalast av alle abonnentar, og vert rekna frå tilkoplingsdato på ferdigmelding frå røyrleggar. Dersom eigedommen takast i bruk før ferdigmelding frå røyrleggar ligg føre, vert årsgebyret rekna frå og med dato for midlertidig eller permanent brukstillatelse/ferdigattest.

§ 7.Fastgebyr

Fastgebyret vert differensiert etter brukarkategori A – E

A. Næringseining

B. Forsamlingshus, grendehus/klubbhus som vert eigd av idrettslag eller andre lag/foreiningar og som vert drifta på ikkje kommersielt grunnlag

- C. Bueining
- D. Fritidseining
- E. Småbåthamn/naustlag

Bustad som er reve/sanert, men som framleis er tilkopa vatn og avløp, vert fakturert med abonnementsgebyr (ikkje forbruksgebyr) inntil vatn- og avløpsleidningane takast i bruk eller vert kopla frå i tilkoplingspunktet. Sjå krav om gebyrfritak i § 12.

For eigedom med næringsverksemd/-bygg i kombinasjon med bueining, og jordbrukseigedom i kombinasjon med bueining, vert abonnementsgebyret berekna separat for den enkelte eining.

Gebyret sin størrelse avheng av brukarkategori og kjem fram av kommunen sitt gebyrregulativ.

§ 8. Forbruksgebyr

Næringseigedommer og offentlige verksemdar betalar forbruksgebyr basert på målt vassforbruk. Andre abonnentar betalar forbruksgebyr etter målt vassforbruk, eller etter berekning basert på bruksareal (BRA). Gebyret kjem fram av kommunen sitt gebyrregulativ.

For alle abonnentar gjeld at avløpsmengde regnast lik vassmengda, med dei unntak som går fram av § 11.

§ 9. Gebyr for tidsavgrensa tilkopling

Gebyr (fastgebyr og forbruksgebyr) betalast etter målt vassforbruk som for næringseigedom.

Tiltakshavar er ansvarleg for å etablere vassmåler etter kommunen si anvisning.

§ 10. Tilleggsgebyr for meirarbeid

Ved manglande vassmålaravlesing kan kommunen foreta avlesing av målar i eigen regi. Det vert då ilagt eit tilleggsgebyr som vert fastsett i kommunen sitt gebyrregulativ. Gebyret går til dekning av kostnader for meirarbeid ved at kommunen må innhente målaravlesinga.

§ 11. Avvik i årsgebyret

Der avløpsmengda frå næringsverksemd, offentlig verksemd eller idrettsforeiningar med egne baneanlegg er vesentlig større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp reknast ut etter målt eller stipulert avløpsmengde.

Restriksjonar på vassforbruk, kortare avbrudd i leveranse av vatn eller mottak av avløp, gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

§ 12. Gebyrfritak

Etter søknad kan kommunen gje fritak for årsgebyret når gebyrpliktig eigedom fysisk er fråkopla kommunalt leidningsnett i tilkoplingspunktet. Gebyrplikta opphører når søknad om fritak er innvilga og ferdigmelding på fråkopling frå godkjent røyrleggjar ligg føre. Fritaket må gjelde for meir enn 12 månadar.

Ved midlertidig bortfall av bueining i samband med riving/sanering der vatn og avløp ikkje fråkopast i tilkoplingspunktet, fakturerast abonnementsgebyr, men ikkje forbruksgebyr.

Kapittel 3. Andre føresegner

§ 13. Vassmålar

Alle nye bygg skal ha vassmålar. Eksisterande bygg skal installere vassmålar ved endringar som medfører auke i einingar

Kvar eigedom skal normalt ha ei tilkopling til kommunal vassleidning. I dei tilfelle der ein eigedom har fleire tilkoplingar skal det installerast ein målar for kvar tilkopling. Vassmålar skal normalt etablerast frostsikkert i bygning, etablering i kum vert berre tillate etter dispensasjon frå kommunen. Eventuelle interne målarar er kommunen uvedkomande. Alt vatn inn på eigedomen skal målast.

Målaren skal installerast og plomberast av godkjent rørleggjar. Alle vassmålalarar skal ha godkjent tilbakestrømningsventil og ekspansjonskar, og monterast etter gjeldande standard som kjem fram av kommunen sin VA-norm.

Når vassmålar er montert, kan han ikkje fjernast utan kommunen sitt samtykke.

Dersom ein målar vert skadd, skal abonnenten straks melde dette til kommunen.

Når kommunen pålegg kontroll av målaren, skal kommunen sørge for at vassmålaren vert levert inn for avlesing. Kostnadene vert dekte av kommunen.

Dersom abonnenten krev kontroll av målaren, og resultatet av kontrollen viser eit avvik på mindre enn 5 %, skal abonnenten dekke alle kostnader ved kontrollen. Når avvik er større enn 5 %, dekker kommunen kostnadene.

Dersom vassmålaren ved kontroll viser ei feilmåling på meir enn 5 %, vet årsgebyret stipulert ut frå tidlegare avlesingar.

Kommunen skal ha adgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing. Dersom kommunen etter utsendt varsel må dra ut til abonnent for å avlese/kontrollere vassmålar, kan abonnenten ilegges et tilleggsgebyr til dekning av påløpte kostnader, jf. § 10.

§ 14. Tidsavgrensa tilkopling

Alle tidsavgrensa tilkoplingar skal meldast til kommunen gjennom godkjent røyrleggjar/føretak.

Tilkoplingsavtale og gebyr løper fram til kommunen har godkjent ferdigmelding frå rørleggjar om fråkopling, og vassmålar er lest av.

Alle kostnader knytt til tilkopling og fråkopling betalast av eiger/fester av eigedommen.

§ 15.Svømmebasseng

Etablering av permanent svømmebasseng som er søknadspliktig etter Plan- og bygningsloven medfører søknadsplikt for tilkopling sanitæranlegg. Tømme- og spylevatn skal koplast til kommunalt avløpsnett. Dersom det er overvasssledning med utslipp til sjø i området skal tømme- og spylevatn frå svømmebasseng kobles til overvasssledning.

§ 16.Sprinkleranlegg/brannvatn

Installasjon av sprinkleranlegg er søknadspliktig. For å sikre at det er tilstrekkelig vasskapasitet for sprinkleranlegg/brannvatn til eigedommen, må søknad godkjennast av kommunen før sprinkleranlegget/brannvassuttaket etableres.

§ 17.Pålegg om utbetring

Kommunen kan gi abonnenten pålegg om å utbedre eige vatn- og avløpsanlegg innan ein gitt frist. Arbeidet er søknadspliktig og skal utførast av godkjent føretak. Dersom pålegget ikkje vert fulgt, kan kommunen ilegge tvangsmulkt etter § 73 i forurensningsloven.

Kapittel 4. Avsluttande føresegner

§ 18.Innbetaling av gebyr

Tilkoplingsgebyr vert fakturert når melding om tilkopling er godkjent, eventuelt byggeløyve vert gitt og skal vere betalt seinast ved fysisk tilkopling.

Fastgebyr og forbruksgebyr vert kravd inn på felles faktura. Abonnentar med vassmålar betaler forbruksgebyret a konto, basert på fjorårets forbruk. Antall terminar kjem fram av kommunen sitt gebyrregulativ.

§ 19.Innkrevjing av gebyr

Forfalt krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter lov om pant § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglane for innkrevjing av skatt.

§ 20.Vedtaksmynde

Vedtak etter denne forskrifta vert fatta etter delegert mynde frå rådmannen.

§ 21.Klage

Avgjørsler etter forskrift er enkeltvedtak, jf. forvaltningslovens kap. IV–VI, og kan klagast på. Klagen sendast til Sula kommune. Vedtak på klagen er endeleg og kan ikkje klagast på.

§ 22.Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2019.

Frå same dato vert forskrift 18.12.2003 om vatn- og avløpsavgifter i Sula kommune oppheva.